

* Kyllingproduksjon

Fleire bønder vil byggje ut nye kyllinghus trass i overkapasitet i marknaden og svikt i salet. Bondetoppar **åtvarar** mot følgjene.

Nye kyllinghus skaper uro for prisnedgang

Fleire sparebankar i Rogaland melder om pågang frå bønder som vil byggje ut nye kyllinghus. Nokre utbyggingar er allt i gang medan to bankar melder at dei har opp mot ei handfull prosjekt kvar til vurdering eller som alt er godkjende.

Bønder som vil utvide produksjonen står bak dei fleste utbyggingsprosjekta. Det ble gjort mogleg av regjeringa, som dobla konsekjonsgrensa til 280.000 kyllingar per bruk frå nytta.

Utbyggingane skjer i ein situasjon med overkapasitet på kylling samla sett. Så langt i år har totalproduksjonen gått ned vel 15 prosent, over 9 millionar kyllingar, mot same periode i fjor. Det fører til at mange kyllinghus må stå tome. Partane i årets jordbruksoppgjør reknar med det gir kyllingbøndene ein inntektsvilkårt på 250.000 kroner kvar.

Gir marginpress
Bondetoppar seier at utbygging av nye kyllinghus i dagens situasjon

jøn skapar prispress og forlenger ubalansen i marknaden.

– Det er svært ueheldig at fleire utvidar til den nye konsekjonsgrensa i den situasjonen næringa er i. For den totale økonomien i næringa er det best om den kapasiteten som blir utnytta, seier styreleiar Bernt Mikalsen i Norsk Fjørfelag.

Han seier følgjene kan bli prispress og forlenga overkapasitet.

– Ja, anten må nokon ut eller så må økonomien ned for alle, seier han.

Han oppfordrar marknadsaktørane til å finne løysingar for å unngå utbygging av ny produksjonskapasitet. Det seier han kan skje ved at bønder melder overgang til andre slakteri.

– Det bør kunne gå an å få til flyt avprodusentar mellom aktørane i staden. Det trur eg vil vere ein fordel for alle, seier han.

Leiar Lars Petter Bartnes i Norges Bondelag er einig.

– Utbygginga av nye kyllinghus vil i dagens situasjon gi forlenga marginpress for bøndene. Vi åtvara mot at det kunne bli resultatet då regjeringa ville doble konsekjonsgrensa, seier Bartnes.

Overtolk Ica-avtale

Utbygginga av kyllinghus skjer parallelt med at Den Stolte Hane, som er eigd av den nordiske børsnoterte kyllinggiganten Scandi Standard, overtolk avtalen om levere kylling til Coops nær 400 tidlegare Ica-butikkar frå august.

Aktørar i bransjen har før anslått at avtalen flyttar et volum på nær fem millionar kyllingar årleg frå bondeigde Nortura til Den Stolte Hane. Det er auka etterspørsel etter kylling frå Den Stolte Hane som nå slår ut i utbygging av nye kyllinghus.

Dagleg leiar Fredrik Strømmen

i Scandi Standard Norway stadfestar at dei treng sterre volum, men han vil ikkje seie kor mange nye kyllinghus som er på gang.

– Vi jobbar med å leggje ein plan for korleis vi skal løyse det på sikt. Vi er i dialog med fleire. Vi lar nokre av våre sleppe til, men det er moderat og forsiktig. Vi ønsker gode løysingar for å ivaretaka totalen sidan marknaden totalt har ein liten tilbakegang, seier han.

Strømmen seier dei kjøper ein del kylling frå Nortura i dag samtidig som dei har 32 eigne produsentar. Behovet for meir kylling seier han kan løystast anten ved utbyggingar eller ved at Nortura-bønder melder overgang.

Nortura: – Kan ikkje hindre

Konserndirektør Egil Olsvik i Nortura, som for tida køyrr med 15 prosent reduksjon for alle kyllingbønder, ser på utbygging av nye kyllinghus som ueheldig.


– Det er alt overkapasitet i bransjen i dag. Nye hus gir auka overkapasitet. Det gir over tid normalt redusert pris og auka risiko for både bønder og banker, seier Olsvik.

Han seier det ligg i «økonomiens natur» at det blir føretatt ei gradvis oppbygging til den nye konsekjonsgrensa. Han seier Nortura ikkje lar nokon bygge ut i dagens situasjon.

Kva vil de gjere?

– Vi kan ikkje hindre andre aktørar frå å byggje nye hus eller presse våre produsentar til å flytte over. Det er eit sal mellom partane i dag, men det er opp til den enkelte korleis mykje dei vil kjøpe, seier Olsvik, som seier dei følgjer situasjonen tett og er i dialog.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no



Doblar: I 2012 blei det første kyllinghuset tatt i bruk. Nå vil Håkon Oftedal (22)

Byggjer nytt kyll

Håkon Oftedal og faren går i gang med å byggje nytt kyllinghus til seks millionar kroner for å doble produksjonen. – Vi tek ein kalkulert risiko, seier 22-åringen.

GJESDAL. Grunnarbeidet er ferdig og neste veke startar støpinga. Håkon Oftedal (22) og faren Helge investerer seks millionar kroner for å byggje ut produksjonen til den nye konsekjonsgrensa på 280.000 kyllingar i året.

Nedgang i den totale kyllingproduksjonen og overkapasitet skremmer ikkje.

– Det blir styrt av kjedene. Vi

leverer til Den Stolte Hane som leverer til Coop. Då dei kjøpte Ica fekk dei behov for meir kylling. Dei seier dei vil bruke eigne produsentar og få produksjonen opp til konsekjonsgrensa. At det har vore ein nedgang generelt gjer meg ikkje redd. Vi får gode tilbakemeldingar på produksjonen vår. Overkapasitet er alltid ein risiko, men



OVERKAPASITET

«Utbygginga av nye kyllinghus vil i dagens situasjon gi forlenga marginpress for bøndene.»

LARS PETTER BARTNES, LEIAR I BONDELAGET OG KYLLINGPRODUSENT



n Helge bygde eitt til og doble kyllingproduksjonen på garden i Oftedal i Rogalandskommunen Gjesdal. Samla kostar dei to husa rundt 11 millionar kroner.

FOTO: SJUR HÅLAND

ghus for andre gong på tre år



det har vi kalkulert med, seier 22-åringen.

Det første kyllinghuset, som har eit produksjonsareal på 1200 kvadratmeter, blei bygd i 2012. Investeringskostnaden fekk Oftedal pressa ned til 4,9 millionar kroner ved hjelp av billig utgraving gjennom ein avtale om masseuttak. Den gong var konsesjonsgrensa 120.000 kyllingar.

– Ein månad etter huset var i bruk blei konsesjonsgrensa auka til 140.000 kyllingar. Viss eg hadde visst det, hadde eg bygd større, seier han, som likevel klarte å utvide til den nye grensa sidan huset hadde litt å gå på.

Nå kjem kyllinghus nummer to like ved det første. Det nye bygget blir på 1540 kvadratmeter, der plassen til kyllingane er på 1430 kvadratmeter. Kostnaden reknar han med blir på rundt seks millionar kroner.

Oftedal seier seg nøgd med at konsesjonsgrensa er dobla frå nytår, noko som gir han sjansen til å bygge ut.

– Eg tykkjer det er bra. Det er betre med eit hopp, enn å auke med 10-20.000 av og til. Nå veit vi kva vi har å halde oss til for ei stund, seier han.

Han fortel at beskjeden om at dei kunne utvide kom i juni. Utgravinga starta i august. 22-åringen

UTBYGGING

«Overkapasitet er alltid ein risiko, men det har vi kalkulert med.»

HÅRØ OFTEDAL (22)
KYLLINGBUNDE OG TØMRAR

gen står for drifta, men garden forpliktar han frå farene.


– Du neler ikkje med så store investeringar?

– Jau, det er jo ein risiko på linje med mykje anna, men vi føler oss trygge. Vi får gode tilbakemeldingar og eg trur på eit god framtid for bransjen, seier han.

Han jobbar i dag 100 prosent som tømrar. Mjølkekvoten har han isamdrift. I tillegg har han 40 sauer. Trass i den storstilte utbygginga vil ikkje 22-åringen gi seg som tømrar.

– Det er greitt å få betalt ned på gjelda nî i starten, men etter kvart kan det nok vere eg trappar ned litt som tømrar, seier han.

Fakta




Kyllingproduksjonen

* Produksjonen har vaks kraftig siste åra og blei dobla i perioden frå 2002 til 2014. I 2014 vart det klekt ut nær 78 mill. slaktkyllinger.

* Bønder har investert hundrevis av millionar i nye kyllinghus. Ved nyttår var det 677 kyllingprodusentar.

* Etter vekst i fjørste halvår i fjør, vart det nedgang i produksjonen utover hausten. Nedgangen har halde fram i år. Del ni i første månaden i år var klekkinga på vel 51,2 mill. kyllingar, ned over 9 mill. (-15%) frå året før.



Overkapasitet

* Nedgang i saltet har ført til kraftig overkapasitet i marknaden. Alle aktørar har tidvis hatt reduksjon i produksjonen.

* Budsjettnemma for jordbruksdepartementet (BFJ) kalkulerer i grunnlagstala for årets jordbruksoppgjør med 14% nedgang i produksjonen i år. Det er venta at det gir ein inntektssvikt for bønder på rundt 250.000 kr pr årsverk.

* Nortura oppgir 15% reduksjon i år. Den Stolte Hane og Norsk Kylling hadde òg stor reduksjon i fjør haust.



Rammevilkår

* I motsetning til for andre kjøttslag er kyllingproduksjonen ikkje marknadsregulert. Produksjonen blir styrt av slakteriaktørane gjennom kontraktar med bøndene.

* Konsesjonsgrensa, eller taktet for produksjon per gard, blei frå nyttår heva frå 140.000 til 280.000 kyllingar per år av regjeringa. Nær eit samla landbruk gjekk i høyringsrunden imot hevinga. Kjøtt- og fôrfebransjens landsforsbund (KLF), som organiserer konkurrentane til Nortura, støtta forslaget.